

Røldal-Suldal, utgreiingsprogram: Forslag til tema

Odda kommune

2. . For å gjøre allmenheten istand til å involvere seg i revisjonsprosessen, arrangerer konsesjonær åpent seminar for alle parter til kursing/oppdatering av det nye grunnlaget for å sette krav til tiltak ved vilkårsrevisjon av gjeldende konsesjon.

Røldal Grunneigarlag ønskjer informasjon om pågåande prosess for kraftanlegga i Røldal og Suldal.

Vi er kjent med dei lovendringane som er gjort med tanke på eigarskap, men svært skeptiske til om dagens konsesjon skal kunna vidareførast utan ny konsesjonshandsaming.

Utbygginga til RSK i 1960 åra er omfattande og medførte ei stor endring i natur og miljø.

Spesielt for Røldal som pga. neddemming av Valdalen mista mykje av kulturarven.

Kraftanlegga har medført vanskeleg tilkomst til store gjenverande eigedomar,

fleire er heilt utilgjengelege i mellom 4 – 6 mnd/år.

Det er fare for ferdsla både sommar og vinter, med dårlege vegar i bratt terreng og usikker is på regulerte magasin.

Tørrlagde elvar, både stygge og farlege strender med nedtappa magasin i sommarhalvåret.

I Røldal er det Røldalsvatnet, Votnamagasinet og Valdalsvatnet som er mest skjemmande og problematisk.

Særleg for Valdalen som er ei viktig ferdselsåre til Hardangervidda medfører Valdalsvatnet store vanskar.


Klimaendringar har forsterka dette problemet!

Saka er spesielt viktig med tanke på dei generasjonane som kjem etter oss!

Vonar vi kan få informasjon om vidare prosess og høve til å medverknad i ei positiv retning.

Forslag til avbøtande tiltak Røldalsvatnet: Eit innskjerpa og detaljert reguleringsreglement med krav om magasinifylling innan ein gitt dato.

Forslag til avbøtande tiltak for Novlesfoss: Minstevassføring lik 5-persentil eller meir i delar av sommarhalvåret



Forslag til avbøtande tiltak Valldalsmagasinet: Sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda. Aktuelle løysingar kan vera tunnellar/rasoverbygg og ATV-veg langs austsida av vatnet for tilkomst i sommarhalvåret.

Redusere dagens reguleringshøgde på 78 meter eller endringar i arkitekturen av reguleringsmagasinet kan vera andre aktuelle tiltak.

Alle reguleringsmagasin tilknytt Røldal-Suldal (16 magasin), har i regionalplanen fått miljømålet «Godt økologisk potensiale» (GØP) med mål om å sikre forhold som gir sjølvproduserande stammar av innlandsaure (unntatt Kvanndalsfoss som ikkje er nemnd). Ein må her framskaffe kunnskap om dagens tilstand i magasinerna og utgreie tiltak for å kunne nå målet.

I elleve av vassførekomstane er det føreslått problemkartlegging, men at målet i utgangspunktet er mindre strenge miljømål (MSM) definert som dagens tilstand. Ny kunnskap vil kunne avgjere om elveførekomsten bør få eit nytt miljømål, godt økologisk potensiale (GØP), med påfølgande tiltak.

Dei 11 vassførekomstane er:

- Risbuelva (øvre)
- Klauvfossen
- Havreåna
- Storelva
- Grytjuvet
- Kvesso
- Novlefoss
- Kaldevasselva
- Nyastøselva

- Øynoelv
- Gjertrabekken.

Innlandsfisk

I gjeldande konsesjon er det krav om utsetting av brunaure i ei rekke vatn. Det er innanfor norsk fiskeforvaltning i dag aukande fokus på at det skal etablerast permanente løysingar som sikrar sjølvrekruttering og reduserer behovet for utsetting. Dette kan for eksempel gjerast i form av utbetringar av gytebekker, fjerning av vandringshindre og/eller andre tiltak.

- Det må utgreiast korleis ein skal optimalisere fiskeforvaltninga med omsyn til brunaure i heile konsesjonsområde

o tiltak for mest mulig å legge til rette for sjølvrekruttering

o revidere dagens utsettingsprogram med mål å få aure i dei mest aktuelle vatna sett i forhold til friluftinteressene og kva vatn som er best egna

o utarbeide eit revidert program for oppfølging av fiskeforvaltning i vatna som inngår i eit endelig fiskeutsettingsprogram

- Hydro ønskjer ikkje å prioritere Nupstjørn, Vestre Middyrvatn og Østre Middyrvatn og grunnir dette med liten brukarinteresse. Me meiner desse bør prioriterst av to grunnar:

Nupstjørn ligg ved stien mellom to turisthytter. Dei andre to magasinane ligg berre 2,5 km unna bilveg. Potensialet for bruk burde vere til stades.

6. Dagens forvaltningsregime i forhold til konsesjonsforplikta fiskekultiveringstiltak tas opp til revisjon med mål å optimalisere levekårene for fisk i regulerte vassdrag/magasiner (Votnamagasinet har stort forbedringspotensial --)

7. Røldalsvatnet

Et innskjerpa og detaljert reguleringsreglement med krav om magasinutfylling innan ein gitt dato (Røldal Grunneigarlag 30.09.2012 ---)

8. Novlefoss

Minstevannføring lik 5-persentil eller mer i deler av sommerhalvåret (Røldal Grunneigarlag 30.09.2012 ---)

9. Valldalsvatnet

Sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda

Redusere dagens reguleringshøgde på 78 meter eller endringer i arkitekturen av reguleringsmagasinet (Røldal Grunneigarlag 30.09.2012 ---)



Villrein

Behov for utgreiing

Det må gjerast ei områdespesifikk utgreiing om villreinen. Ein må gjere ei samanstilling av eksisterande kunnskap, og ein analysere av dei GPS-data som føreligg. Moglege avbøtande tiltak må vurderast. Dette kan til dømes vera avgrensing av ferdsel på anleggsveggar og endring av manøvreringsreglement der dette kan ha ein positiv effekt for villreinen sin moglegheit for trekk.

Ein må og sjå på korleis Røldal-Suldal påverkar Setesdal-Ryfylke villreinområde som heilheit. Også avbøtande tiltak må sjåast i dette perspektivet (samordning av tiltak i heile villreinområdet).

4. Friluftsliv/turisme, landskapsoppleving og ferdsel

Friluftsliv og landskapsoppleving (turisme) i området må kartleggast og verdsettast i vid forstand. Følgande problemstillingar må inngå:

- Korleis reguleringsreglement, minstevassføring og biotopjusterande tiltak (t.d. terskler) best mogleg kan vere tilpassa landskapsoppleving/turisme (særleg vekt på Røldalsvatnet, Novlefoss, sentrale elvestrekningar)
- Korleis ein skal sikre permanent tilgang til Valldalen og Hardangervidda

- Oppretting av eit friluftsfond som eit avbøtande tiltak for heile nedslagsområdet

5. O/U prosjekt

Jfr OED sine retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår er opprusting og utviding (O/U) av eksisterande vasskraftprosjekt relevant å vurdere i samanheng med revisjonar. Ny teknologi og auka økologisk innsikt kan gjere det realistisk å vidareutvikle eksisterande vassdragsregulering på ein miljømessig, teknisk og økonomisk gunstig måte. Nytt vatn inn i reguleringa kan auka kraftproduksjon, og dermed også gi større fleksibilitet når det gjeld å ta omsyn til nye miljøkrav. Kombinasjon av O/U og nye miljøkrav vil dermed kunne gi muligheter for i større grad å avbøte skader og ulemper pga av kraftutbygginga, samstundes som kraftproduksjonen kan oppretthaldast og i nokre tilfelle aukast.

I lys av dette bør eventuelle O/U prosjekt komme klart fram.

Vurdere et eget punkt som omhandler konsesjonssøkers lokalsamfunnsansvar (CSR);

«Bedriftens samfunnsansvar kan defineres som bedriftens integrasjon av sosiale og miljømessige hensyn i sin daglige drift på frivillig basis, utover å overholde eksisterende lover og regler i det landet man opererer. Samfunnsansvar kan også sees på som en strategi som benyttes for å vinne kritikere og komme på god fot med lokalbefolkningen der de opererer. Det å sikre bærekraftig utvikling i lokalsamfunnet kan være en garanti for bærekraftig vekst i bedriften.»

Samfunnsansvar

Oppmerksomheten rundt samfunnsansvar i næringslivet er økende, både i Norge og globalt. Samfunnsansvar handler i hovedsak om å ta sosiale og miljømessige hensyn ut over det som er pålagt ved lov. Bedrifter spiller viktige samfunnsroller og påvirker samfunnsutviklingen der de opererer, og det å ha en bevisst holdning til samfunnsansvar skaper gode arbeidsforhold, gir et godt renommé og leder til fornøyde kunder.

Ved behandling av søknader om fornying av konsesjoner må en ta disse punktene til vurdering:

- Et hovedgrunnlag for vurdering av konsesjonsfornyning vil være grunneieres og

kommunens erfaringer og opplevelse av de virkningene opprinnelig konsesjon har gitt mht. lokalsamfunnet og miljø

- Vi ser det som en selvfølge at alle kraftkonsesjoner som skal fornyes innebærer konsekvensvurdering etter NVEs mal og OEDs og MDs nye retningslinjer for modernisering av gamle konsesjonsvilkår, samt tiltaksbibliotek og tabell over tiltaksgrupper utgitt av NVE. Konsesjon vurderes også etter EUs vanndirektiv.
- Har forutsetningene for kraftkonsesjonen som i si tid ble gitt forandret seg? Hvis ja, hvilke konsekvenser ser en at dette vil kunne få for en fornying av konsesjonen?
- Konsekvensvurdere hele nedslagsfeltet for eksisterende kraftkonsesjon for å få fram en totalløsning for kraftuttak og hensyn til miljø som er mest mulig bærekraftig i nedslagsfeltet. Herunder vil temaene manøvreringsreglement, minstevannføring (i forhold til biologisk mangfold og landskapsopplevelse), hensyntagen til rødlistearter, tiltak i forhold til fisk og hensynet til friluftsliv være svært viktig. Dagens forvaltningsregime i forhold til konsesjonsforplikta fiskekultiveringstiltak må tas opp til revisjon med mål å optimalisere levekårene for fisk i regulerte vassdrag/magasiner.
- Hvis lokalsamfunnet hvor kraftkonsesjonen har sitt grunnlag er påført betydelig belastning fra storsamfunnet med andre inngrep/forandringer, må en vurdere nye kraftkonsesjoner som del av totalpåvirkningen for lokalsamfunnet og kompensere for uheldige sider ved slik påvirkning. (sentraliseringseffekt/tap av statlige arb.pls, omlegging av gjennomgangstrafikk ---)
- Vurdere et eget punkt som omhandler konsesjonssøkers lokalsamfunnsansvar (CSR);

